
Saknr: 2020/35197-8
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020

Omdisponering av IBU-midlar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon godkjenner ny prosentvis fordeling av IBU-midlar.
2. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon gjev fylkesrådmannen mynde til å gjere mindre justeringar mellom produksjonane seinare på året. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å gjere prioriteringar dersom det kjem ekstra løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet.

Samandrag

I februar 2020 vedtok hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU). Grunna stor investeringsvilje i landbruket i Vestland 2020 er IBU-midlane snart brukt opp. Innovasjon Norge har bedt om ei mindre omprioritering mellom produksjonane. IBU-ramma for Vestland for 2020 er 72 millionar. Den 16.april 2020 var det brukt 50 millionar. Grøntsektoren i Vestland har i tillegg fått 15,5 millionar kroner frå den nasjonale grøntpotten. Fylkesdirektøren gjer framlegg om ny prosentvis fordeling av dei regionale IBU-midlane: mjølkeproduksjon 59%, sau 11%, andre husdyr og gjødsellager 18%, grøntsektøren 4%, andre næringar 8%.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I tråd med regionreforma har fylkeskommunane no ansvaret for Regionalt næringsprogram for landbruket og skal dermed også gje strategiske føringar til Innovasjon Norge for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane). Nasjonale føringar seier at strategiske føringar frå den regionale partnerskapet er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike område i den enkelte regionen/fylket. Fylkeskommunen har samla den regionale partnerskapen inkludert fagлага til møte og drøfta prioritering av midlane og omprioritering for 2020.

Medverking til omdisponering for IBU-2020

Den 24.april 2020 samla fylkeskommunen den regionale partnerskapen inkludert fagлага til drøfting om omprioritering av midlane. Organisasjonane som deltok i tillegg til fylkeskommunen var: Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Vestland, Sogn og Fjordane Bondelag, Hordaland Bondelag, Sogn og fjordane bonde- og småbrukarlag og Hordaland bonde- og småbrukarlag.

Stor investering vilje i landbruket i Vestland

Grunna stor etterspurnaden etter investerings- og bedriftsutviklingsmidlar (IBU-midlane) i Vestland 2020 er IBU-ramma for 2020 nesten brukt opp. IBU-ramma for Vestland for 2020 er 72 millionar. Den 16. april 2020 var det brukt 50 millionar. I tillegg har grøntsektoren i Vestland har fått 15,5 millionar kroner frå den nasjonale potten. Nasjonalt var det sett av øyremerka midlar til ordninga til grøntsatsing, 65 millionar til investeringar i grøntsektoren, og 9 millionar til etablering av småskalaproduksjonar. Vestland hadde mål om å få 15% av den nasjonale ramma. Innovasjon Norge og landbrukspartnerskapen har jobba godt med å få inn søknader frå Vestland og målet er nådd, og Vestland har fått 24%. Når dei nasjonale grønt midlane var brukt opp skulle landbrukspartnerskapen møtast for å drøfte ein eventuell omfordeling mellom produksjonane for andre halvår. Det er framleis etterspurnad etter investeringsmidlar innan grønt i Vestland, og difor blir det føreslått å nytte 2 millionar frå resterande midlar til grøntsektoren.

Naturressursane i Vestland skal nyttast på ein berekraftig måte til matproduksjon, arbeidsplassar, energi og opplevingar. Vestland fylkeskommune ynskjer at Innovasjon Norge skal nytte verkemiddela til å byggje vidare på særtekkja ved vestlandsbruket som mjølk, kjøt, frukt, bær og grønnsaker. Fagлага er bekymra for at resten av landet drar frå Vestland på storfekjøt og grønt. Sjølv om det er søknader på mjølk, toler desse betre å stå på vent. Salet av mjølkekvoter i Vestland har vore store. Det er bekymring for at areal skal gå ut av drift. Ammekyr og sau kan bidra til å halde oppe noko av arealet som går ut av mjølkeproduksjonen hjå dei som sluttar med mjølk.

Prosentvis fordeling fellesramme IBU Vestland 2020					
Produksjon	Mjølkeproduksjon	Sau	Andre husdyr og gjødsellager	Grøntsektoren* regionalramme	Andre næringar
Tidlegare prosentdel	60%	15%	15%		10%
Ny prosentdel	59%	11%	18%	4%	8%

*Grøntsektor regionalramme er ny.

Fordeling av resterande midlar IBU Vestland 2020					
Produksjon	Mjølkeproduksjon	Sau	Andre husdyr og gjødsellager	Grøntsektoren regionalramme	Andre næringar
Millionar kroner	9	6	2	2	3

Det kan kome meir midlar frå Landbruks- og matdepartementet

Innovasjon Norge har fått signal om at det kan kome ekstrabevillingar til IBU frå Landbruks- og matdepartementet (LMD). Dette er som eit korona-tiltak fordi investeringar i landbruk held hjula i gang. I skrivande stund er det ikkje bekrefta om det kjem midlar, kva sum eller kva føringar som vil vere knytt til eventuelle midlar. For å få midlane hurtig i arbeid ynskjer administrasjonen at midlane vart fordelt etter same prosent prinsipp mellom produksjonane som det er lagt fram i denne saka. Administrasjonen ynskjer også fullmakt til å gjere mindre endringar etter dialog med

landbrukspartnerskapen for å sikre hurtig handsaming. Administrasjonen legg ordlyden i oppdragsbrevet for IBU-midlane frå Vestland fylkeskommune til Innovasjon Norge til grunn i diskusjonen.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon har mynde til å gje føringar til Innovasjon Norge om bruken av IBU-midlar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: : Kan gje positivt effekt gjennom auka satsing på grøntsektoren

Folkehelse: Aktivt landbruk i heile fylket er positivt for folkehelse

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Hovudutvalet gir sin tilslutning til endringa av prosentsatsar i prioritering av IBU-midlar.